

Interimsstyret for Høgskulen på Vestlandet

Møtedato: 21.–22.12.2016 Sakshandsamar: Audun Kjørstad

Arkiv:

Protokoll frå styremøte 04/2016

Møtetid: Onsdag 21.12.16, 10.00

Torsdag 22.12.16, 08.15

Møtestad: Klasserom M8-502, Campus Møllendalsveien, Bergen

Til stades: Arvid Hallén, Ingrid M. Albrigtsen (t.o.m. 046/16), Aina Berg, Gunnar Birkeland, Sissel J. Brenna, Cecilie Fredheim, Kari Kjenndalen, Åse Neraas (observatør), Sondre Riisøen, Tom Skauge, Karin Stormo (observatør), Marit Ubbe, Trond Ueland, Gunnar Yttri, Christine Øye

Forfall: Ingrid Moe Albrigtsen (frå 047/16)

Sekretær: Tage Båtsvik

Referent: Audun Kjørstad

Møtet vart leia av styreleiar Arvid Hallén. Arvid Hallén forlét styremøtet kl. 10.45, torsdg 22.12. Kari Kjenndalen var styreleiar då styret handsama sakene 048/16, 049/16, 050/16, 051/16, 053/16, 055/16 og 057/16. Sak 056/16 vart trekt av administrasjonen. Tage Båtsvik var direktør med innstillande mynde og sekretær for styret. Innkallinga vart sendt ut torsdag 15.12.2016, og sakliste og møtedokument vart publisert på nett same dag. Ettersendingar kom fredag 16.12 og tysdag 20.12.

Sak 036/16 Godkjenning av innkalling og saksliste

Styreleiar ynskte velkomen, og gjorde greie for innkalling, saksliste og etterspurde saker til eventuelt.

Planlagt 21.12

Sak 036/16	Godkjenning av innkalling og saksliste
Sak 037/16	Orienteringssaker
Sak 038/16	Prosjekt fagleg plattform og profil
Sak 039/16	Prosjekt leiing og fagleg organisering
Sak 040/16	Forprosjekt digitalisering
Sak 041/16	Forskrift om opptak til Høgskulen på Vestlandet
Sak 042/16	Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet
Sak 043/16	Etablering av forskingsetisk utval
Sak 044/16	Organisering av læringsmiljøutval
Sak 045/16	Mellombels delegasjonsreglement
Sak 046/16	Mellombels organisering – prorektorfunksjonar

Planlagt 22.12

Sak 047/16	Endeleg budsjett 2017
Sak 048/16	Forskrift for grada philosophiae doctor ved Høgskulen på Vestlandet, mandat og samansetnad av ph.d.-utval
Sak 049/16	Oppnemning av ph.d.-utval for ph.d.-studium i Computer Science: Software Engineering, Sensor Networks and Engineering Computing
Sak 050/16	Mellombels krise- og beredskapsplan
Sak 051/16	Oppnemning av medleamar til klagenemnda
Sak 052/16	Organisasjonsutviklingsprogrammet 2017
Sak 053/16	Studieportefølje for ny grunnskulelærerutdanning
Sak 054/16	Rekruttering av leiarar, nivå 1 og 2
Sak 055/16	Tilsettingsorgan
Sak 056/16	Tilsetting av studieprogramleiar GLu og studieleiarar
Sak 057/16	Fastsetjing av kopi- og læremiddelavgift

Forslag til vedtak:

Styret godkjenner forslag til innkalling og saksliste.

Samrøystes vedteke.

Sak 037/16 Orienteringar

Styreleiar innleia og styresekretær presenterte sakene. Styret tok lesepause.

Sak 036/16-1	Protokoll frå styremøte 03/2016 <i>Ingen merknadar</i>
Sak 036/16-2	Fastsetjing av styregodtgjersle for Høgskulen på Vestlandet <i>Ingen merknadar</i>
Sak 036/16-3	Studentombod <i>Ingen merknadar</i>
Sak 036/16-4	Referat frå ID-møte 19.12 <i>Referatet vart delt ut i møtet. Styret tok fem minutt lesepause. Styret bad om at ID-møta i 2017 vert lagt tettare opp mot dato for utsending av styrepapira.</i>

Forslag til vedtak:

Styret tek sakene til orientering.

Samrøystes vedteke.

Sak 038/16 Prosjekt fagleg plattform og profil

Styreleiar og styresekretær innleia. Knut Steinar Engelsen orienterte.

Tilbakemeldingar frå styret:

- Kva er kjerneutdanningane våre, kvar skil vi oss ut, og kvar kan vi klare å verte nasjonalt eller internasjonalt leiande? Kvar er vi gode, kvar vil vi bli gode?
- Institusjonen er profesjons- og arbeidslivsretta, og dette må kome tydeleg fram.
- Fange opp det som allereie er svært bra og ta vare på dette.
- Alle fagmiljø må kunne kjenne eg att utifrå potensial og ambisjonar, men samstundes må ikkje dette dokumentet binde oss til ei organisering.
- Ivareta den regionale forankringa, profesjons- og arbeidslivsforankringa, til partnarar i stat og næringsliv.
- Finne balansepunktet som sikrar god framdrift, der vi ikkje ventar for lenge med å klargjere grunnlaget, men heller ikkje går so fort fram at ein risikerer at viktig punkt ikkje er godt nok utgreia.
- Kva er tidsperspektivet, og kva er ei realistisk og fornuftig framdrift for prosjektet?

Forslag til vedtak:

1. *Interimsstyret tek utkast til leveranse 1 til vitande, og tilbakemeldingane frå styret blir tekne med i det vidare arbeidet.*
2. *Styret ber prosjektgruppa om å fortsette arbeidet med leveranse 1 fram mot februar møtet med utgangspunkt i følgjande:*
 - a. *Mandatet for prosjektet skal utvidast med følgjande mandatpunkt:*
 - i. *Skildre fagleg aktivitet ved institusjonen som er særleg viktig for arbeidet med strategiutvikling utover det som går fram av mandatpunkt 6 (nasjonalt), 7 (internasjonalt) og 8 (tverrfagleg)*
 - b. *Det skal setjast ned tverrgåande grupper med brei fagleg og geografisk representasjon for å greie ut følgjande:*
 - i. *Skildring og omgrepsbruk knytt til profilområda*
 - ii. *Skildring og omgrepsbruk for tverrgåande satsingsområde*
 - iii. *Vurdering av HVL sin profil sett i frå eit regionsperspektiv*

Samrøystes vedteke.

Sak 039/16 Prosjekt leiing og fagleg organisering

Styreleiar og styresekretær innleia. Bjørg Kristin Selvik orienterte.

Forslag til vedtak:

Arbeidsgruppa jobbar vidare utifrå styret sin diskusjon, der det mellom anna vart lagt vekt på:

- *Krevjande kombinasjon å både oppfylle faglege krav til stilling, samt inneha brei administrativ erfaring. Viktig at stillingane er so attraktive at ein får dei beste søkerane.*
- *Funksjonsområda må utgreiast ordentleg, slik at det er tydelege grenseoppgangar og liner.*
- *Både tre og fire fakultet er framleis aktuelt, og det er ikkje noko mål i seg sjølv at fakulteta skal vere like store.*

Forslag til vedtak

1. *Styret tek saka til vitande, og tilbakemeldingane frå styret blir tekne med i det vidare arbeidet.*
2. *Styret ber prosjektgruppa om å fortsette arbeidet fram mot februar møtet med utgangspunkt i tilbakemeldingane frå møtet.*

Samrøystes vedteke.

Sak 040/16 Forprosjekt digitalisering

Styreleiar og styresekretær innleia. Monica W. Nortvedt orienterte.

Forslag til vedtak

1. Interimsstyret godkjenner sluttrapporten frå forprosjektet.
2. Interimsstyret godkjenner forslaget til mandat for hovudprosjektet.
3. Interimsstyret ber om at prosjektet vert starta opp i januar 2017.

Vedtak

1. Interimsstyret godkjenner sluttrapporten frå forprosjektet.
2. Interimsstyret godkjenner forslaget til mandat for hovudprosjektet.
3. Interimsstyret ber om at prosjektet vert starta opp i januar 2017.
4. Interimsstyret ber om at prosjektet tek med seg innspela frå møtet og vurderer om desse kan inkluderast i prosjektet eller følgjast opp på andre måtar.

Samrøystes vedteke.

Sak 041/16 Forskrift om opptak til Høgskulen på Vestlandet

Styreleiar og styresekretær innleia. Linda McGuffie svara på spørsmål.

Forslag til vedtak:

1. Styret godkjenner forskrift om opptak til Høgskulen på Vestlandet i samsvar med vedlegg.
2. Styret delegerer myndighet til å vedta retningslinjer om opptak og rangering til Høgskulen på Vestlandet til rektor.

Samrøystes vedteke.

Sak 042/16 Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet

Styreleiar og styresekretær innleia. Marianne Seim svara på spørsmål.

Styret ber om at spørsmålet om individuell versus kollektiv klagerett vert grundig vurdert når forskrifta skal til revidering i 2018.

Riisøen fremja forslag om å endre §4.2 slik at tidsavgrensinga for lengd på studierett vert fjerna i denne paragrafen. Forslaget var oppe til votering.

For: Albrigtsen, Berg, Fredheim, Riisøen, Skauge (5)

Mot: Hallén, Birkeland, Brenna, Kjenndalen, Ubbe, Ueland, Yttri, Øye (8)

Forslaget fall med 8 mot 5 røyster.

Forslag til vedtak:

1. Styret godkjenner «Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet», i samsvar med vedlegg. Forskrifta trer i kraft frå 01.01.2017

Samrøystes vedteke.

Sak 043/16 Etablering av forskningsetisk utvalg

Styreleiar og styresekretær innleia. Heidi Skramstad svara på spørsmål. Etter diskusjon i styret fremja styreleiar forslag om å utvide vedtaks punkt 2 til òg å inkludere éin studentrepresentant valt av Studenttinget ved Høgskulen på Vestlandet.

Forslag til vedtak:

1. Interimsstyret godkjenner forslag til Reglement for Forskningsetisk utvalg ved Høgskulen på Vestlandet med virkning fra 1.1.2017
2. Interimstyret oppnevner følgende medlemmer til Forskningsetisk utvalg ved Høgskulen på Vestlandet for perioden 1.1.2017-31.12.2020:
 - a. Leder for utvalget:
 - i. Prorektor med ansvar for forskning.
 - b. Faste medlemmer - faglig ansatte:
 - i. Professor Aslaug Nyrrnes. Nærregion Bergen. Avdeling for lærerutdanning.
 - ii. Professor Anne-Lise Holm. Nærregion Stord/Haugesund. Avdeling for helsefag.
 - iii. Professor Jakob Clement Yde. Nærregion Sogn og Fjordane. Avdeling for ingeniør og naturfag.
 - c. Eksterne medlemmer:
 - i. Professor Matthias Kaiser. Universitetet i Bergen, Senterleder Senter for vitenskapsteori.
 - ii. Jurist Ellen Kari Christiansen, pensjonist, tidligere sjefsrådgiver ved Nasjonalt Senter for Telemedisin.
 - d. Varamedlemmer – faglig ansatte
 - i. Senterleder Kjellrun Hiis Hauge. Nærregion Bergen. Senter for utdanningsforskning.

- ii. Professor Vidar Frette. Nærregion Stord/Haugesund. Avdeling for tekniske, økonomiske og maritime fag.
- iii. Førsteamanuensis Ulrike Spring. Nærregion Sogn og Fjordane. Avdeling for samfunnsfag.
- e. Sekretariatsansvar for utvalget legges til forskningsadministrasjonen ved Høgskulen på Vestlandet.

Vedtak:

1. Interimsstyret godkjenner forslag til Reglement for Forskningsetisk utvalg ved Høgskulen på Vestlandet med virkning fra 1.1.2017
2. Interimstyret oppnevner følgende medlemmer til Forskningsetisk utvalg ved Høgskulen på Vestlandet for perioden 1.1.2017-31.12.2020:
 - a. Leder for utvalget:
 - i. Prorektor med ansvar for forskning.
 - b. Faste medlemmer - faglig ansatte:
 - i. Professor Aslaug Nytnes. Nærregion Bergen. Avdeling for lærerutdanning.
 - ii. Professor Anne-Lise Holm. Nærregion Stord/Haugesund. Avdeling for helsefag.
 - iii. Professor Jakob Clement Yde. Nærregion Sogn og Fjordane. Avdeling for ingeniør og naturfag.
 - c. Eksterne medlemmer:
 - i. Professor Matthias Kaiser. Universitetet i Bergen, Senterleder Senter for vitenskapsteori.
 - ii. Juro Ellen Kari Christiansen, pensjonist, tidligere sjefsrådgiver ved Nasjonalt Senter for Telemedisin.
 - d. Varamedlemmer – faglig ansatte
 - i. Senterleder Kjellrun Hiis Hauge. Nærregion Bergen. Senter for utdanningsforskning.
 - ii. Professor Vidar Frette. Nærregion Stord/Haugesund. Avdeling for tekniske, økonomiske og maritime fag.
 - iii. Førsteamanuensis Ulrike Spring. Nærregion Sogn og Fjordane. Avdeling for samfunnsfag.
 - e. Studenter
 - i. Én representant oppnevnt av Studenttinget ved Høgskulen på Vestlandet, oppnevnt for ett år av gangen.
 - f. Sekretariatsansvar for utvalget legges til forskningsadministrasjonen ved Høgskulen på Vestlandet.

Samrøystes vedteke.

Sak 044/16 Organisering av læringsmiljøutval

Styreleiar og styresekretær innleia. Nina Mønstre svara på spørsmål.

Forslag til vedtak:

1. Det opprettes et nytt LMU ved HVL fra og med 01.01.17 i tråd med forslagene i saken.
2. Styret gir rektor fullmakt til å oppnevne medlemmer til LMU. Styret orienteres om dette.

Samrøystes vedteke.

Sak 045/16 Mellombels delegasjonsreglement

Styreleiar og styresekretær innleia.

Forslag til vedtak:

Styret vedtek midlertidig delegasjonsreglement for Høgskulen på Vestlandet, som gjeld for 2017.

Samrøystes vedteke.

Sak 046/16 Mellombels organisering – prorektorfunksjonar

Styreleiar og styresekretær innleia.

Forslag til vedtak:

1. Interimsstyret tilset Rasmus Stokke som mellombels prorektor for nærregion Sogn og Fjordane for perioden 01.01.17–01.08.17.
2. Interimsstyret tilset Liv Reidun Grimstvedt som mellombels prorektor for nærregion Stord/Haugesund for perioden 01.01.17–01.08.17.
3. Interimsstyret tilset Bjørg Kristin Selvik som mellombels prorektor for nærregion Bergen for perioden 01.01.17–01.08.17.
4. Mellombels prorektor for nærregion Sogn og Fjordane, Rasmus Stokke, vert rektor sin stadfortredar for perioden 01.01.17–01.08.17.

Samrøystes vedteke.

Sak 047/16 Endeleg budsjett 2017

Styreleiar og styresekretær innleia. Jan Ove Henriksen svara på spørsmål.

Forslag til vedtak:

1. Styret viser til driftsstyrenes budsjettforslag for de tre nærregionene/ budsjettområdene og vedtar med dette budsjettene for 2017.
2. Styret viser til forslag til fellesbudsjett for HVL i 2017. Styret gir rektor fullmakt til å foreta de endelig justeringer av fellesbudsjettet, herunder vurdere muligheten for å redusere overføringene fra budsjettområdene.
3. Styret gir rektor fullmakt til å foreta nødvendige endringer i budsjettfordelingen når endelig statsbudsjett 2017 er vedtatt av Stortinget. Styret ber om å bli orientert om endelig budsjett 2017 på første møte i 2017.
4. Styret forutsetter at målet om effektiv ressursutnyttelse er en viktig premis for arbeidet med å etablere den nye organisasjonen.

Samrøystes vedteke.

Sak 048/16 Fastsettelse av forskrift for graden philosophiae doctor (ph.d.) ved Høgskulen på Vestlandet, samt mandat og sammensetting av ph.d.-utvalg

Styreleiar og styresekretær innleia.

Forslag til vedtak:

1. Styret vedtar forskrift for graden philosophiae doctor (ph.d.) ved Høgskulen på Vestlandet
2. Styret vedtar foreslåtte sammensetting og mandat for sentralt ph.d.-utvalg ved Høgskulen på Vestlandet
3. Styret vedtar foreslåtte sammensetting og mandat for programutvalg for ph.d.-utdanningene ved Høgskulen på Vestlandet
4. Sentralt ph.d.-utvalg videreføres inntil nye dekaner har tiltrådd, og nytt fast ph.d.-utvalg blir etablert.
5. Styret gir rektor fullmakt til å foreta justeringer i nåværende sammensetting av sentralt ph.d.-utvalg
6. Programutvalg for ph.d.-studiet Studier av danning og didaktiske praksiser videreføres ut 2017.

Samrøystes vedteke.

Sak 049/16 Oppnevning av ph.d.-utvalg (programutvalg) for ph.d.-studium i Computer Science: Software Engineering, Sensor Networks, and Engineering Computing

Styreleiar og styresekretær innleia. Eirin Fausa Pettersen svara på spørsmål.

Forslag til vedtak:

1. Styret viser til premissene i saken og oppnevner foreslåtte medlemmer til programutvalg for ph.d.-studiet Computer Science: Software Engineering, Sensor Networks and Engineering Computing fra og med vedtaksdato til og med 31.12.2017.
2. Styret ber programutvalget i løpet av oppnevningsperioden bistå i arbeidet med forankring av ph.d.-studiet i relevante miljøer ved andre studiesteder.

Samrøystes vedteke.

Sak 050/16 Mellombels krise- og beredskapsplan

Styreleiar og styresekretær innleia.

Forslag til vedtak:

1. Styret sluttar seg til forslaget til mellombels organisering av beredskapsarbeidet slik det er lagt fram i denne saka
2. Styret godkjenner mellombels krise- og beredskapsplan i samsvar med vedlegg 1
3. Styret gir rektor fullmakt til å gjere mindre endringar av beredskapsorganiseringa og beredskapsplanen

4. Styret ber rektor utarbeide endeleg beredskapsorganisasjon og krise- og beredskapsplan innan utgangen av 2017

Samrøystes vedteke.

Sak 051/16 Oppnemning av medlemar til klagenemnda

Styreleiar og styresekretær innleia.

Forslag til vedtak:

1. Styret nemner opp fyljande medlemmer til Klagenemnda for Høgskulen på Vestlandet:
 - a. For perioden 01.01.17–31.08.2020
 - i. Leiar: Lagdommar Beate Blom
Vara for leiar: Sorenskrivar Håkon Rastum
 - ii. Fagtilsett: Åshild Havnerås
Vara for fagtilsett: Instituttleiar Heidi Bjørstad
 - iii. Fagtilsett: Høgskulelektor Joar Sande
Vara for fagtilsett: Førsteamanuensis Per Arne Rød
 - b. For perioden 01.01.17 – 31.08.2017
 - i. Studentrepresentant: Julie Kristin Vikestrand
Vara for studentrepresentant: Margrete Lauksund
 - ii. Studentrepresentant: Torbjørn Tveit
Vara for studentrepresentant: Martin Furland
2. Styret vedtek Instruks for klagenemnda ved Høgskulen på Vestlandet med verknad frå 01.01.2017

Samrøystes vedteke.

Sak 052/16 Organisasjonsutviklingsprogrammet 2017

Styreleiar og styresekretær innleia.

Forslag til vedtak:

1. Styret tek saka til orientering.

Forslag frå Skauge:

2. Prosjekt fagleg og administrativ organisering vert fremja i februararmøtet
3. Rektor kjem attende med forslag til tidsplan for universitetsprosjektet i lys av punkt 2.

Samrøystes vedteke

Vedtak

1. Styret tek saka til orientering.
2. Prosjekt fagleg og administrativ organisering vert fremja i februararmøtet
3. Rektor kjem attende med forslag til tidsplan for universitetsprosjektet i lys av punkt 2.

Samrøystes vedteke.**Sak 053/16 Studieportefølje for ny grunnskulelærerutdanning**

Styreleiar og styresekretær innleia. Nina Grieg Wiig og Lene Pilskog svara på spørsmål.

Det vart presisert at i Samordna Opptak lyser campus Bergen ut grunnskulelærerutdanninga med inntaksfag, medan campus Stord og campus Sogndal lyser ut utan inntaksfag.

Forslag til vedtak:

1. Dei nye grunnskulelærerutdanningane ved Høgskulen på Vestlandet blir lyste ut slik:

Studie	Inntaksfag	Studiested	Tal studieplasser
Grunnskulelærerutdanning 1-7	Engelsk	Bergen	28
Grunnskulelærerutdanning 1-7	Samfunnsfag	Bergen	36
Grunnskulelærerutdanning 1-7	Naturfag	Bergen	28
Grunnskulelærerutdanning 1-7	Kroppsøving	Bergen	28
Grunnskulelærerutdanning 1-7	Kunst og håndverk	Bergen	26
Grunnskulelærerutdanning 1-7	KRLE	Bergen	14
Grunnskulelærerutdanning 1-7	Mat og helse	Bergen	13
Grunnskulelærerutdanning 1-7	Musikk	Bergen	13
Grunnskulelærerutdanning 1-7	Engelsk	Sogndal	12
Grunnskulelærerutdanning 1-7	Kroppsøving	Sogndal	12
Grunnskulelærerutdanning 1-7	Samfunnsfag	Sogndal	12
Grunnskulelærerutdanning 1-7	Kunst og handverk	Stord	10
Grunnskulelærerutdanning 1-7	Musikk	Stord	10
Grunnskulelærerutdanning 1-7	Kroppsøving	Stord	10
Grunnskulelærerutdanning 5-10	Matematikk	Bergen	36
Grunnskulelærerutdanning 5-10	Norsk	Bergen	36
Grunnskulelærerutdanning 5-10	Engelsk	Bergen	28
Grunnskulelærerutdanning 5-10	Samfunnsfag	Bergen	28
Grunnskulelærerutdanning 5-10	KRLE	Bergen	22
Grunnskulelærerutdanning 5-10	Mat og helse	Bergen	13
Grunnskulelærerutdanning 5-10	Musikk	Bergen	13
Grunnskulelærerutdanning 5-10	Norsk	Sogndal	30
Grunnskulelærerutdanning 5-10	Matematikk	Sogndal	30
Grunnskulelærerutdanning 5-10	Kunst og handverk	Stord	10
Grunnskulelærerutdanning 5-10	Musikk	Stord	10
Grunnskulelærerutdanning 5-10	Norsk	Stord	10
Grunnskulelærerutdanning 5-10	Matematikk	Stord	10

2. Styret ber om at dei nye grunnskulelærerutdanningane blir implementerte i samsvar med premissane i saka.

Samrøystes vedteke.**Sak 054/16 Rekruttering av leiarar på nivå 1 og 2**

Styreleiar og styresekretær innleia. Sonja Dyrkorn svara på spørsmål.

Tilbakemeldingar frå styret:

- Utlysingane bør ikkje utformast på eit vis som ekskluderer gode leiarar vi allereie har internt.
- For å sikre best moglege kandidatar til stillingane bør ein opne for at ulike typar kompetanse vert verdsett.
- Høg vitskapleg kompetanse er ei formulering som kan femne om både utviklings- og forskingserfaring.

Forslag til vedtak:

1. Styret vedtek å etablere eit felles innstillingsutval for leiarar på nivå 1 og 2 med følgjande samansetting:
 - Rektor
 - Eksternt styremedlem
 - Ein tillitsvald
 - Ein student

Ekstern konsulent (frå Innplasseringsprosjektet) deltek og omstillingskontoret vil vere sekretær for arbeidet.

2. Diskusjonen i styret om kompetansekrav følgjer med i arbeidet med å lage konkrete stillingsomtaler for leiarar på nivå 1 og 2

Vedtak

1. Styret ber om å få saka attende med konkret samansetnad av innstillingsutval til kvar av utlysingane.
2. Diskusjonen i styret om kompetansekrav følgjer med i arbeidet med å lage konkrete stillingsomtaler for leiarar på nivå 1 og 2.

Samrøystes vedteke.

Sak 055/16 Tilsettingsorgan

Styreleiar og styresekretær innleia. Administrasjonen vart oppmoda om å vurdere studentrepresentasjon i tilsettingsorgan der det er påkrevd.

Forslag til vedtak:

1. Noverande tilsettingsorgan for HiSF, HiB og HSH får fullmakt til å tilsetje i stillingar knytt til nærregionane frå 01.01.17 til styret har gjort nytt vedtak.
2. Det vert etablert eit mellombels tilsetjingsråd for administrative stillingar over nærregionnivået for perioden 01.01.17-31.12.17, samansett slik:
 - Prorektor ved nærregion Sogn og Fjordane med personaldirektør som vara.
 - Direktør ved nærregion Stord Haugesund med personalsjef som vara.
 - Direktør ved nærregion Bergen med personaldirektør som vara.
 - To administrative tenestemannsrepresentantar oppnemnt av tenestemannsorganisasjonane.
3. For tilsettingar i stilling som leiar på nivå 3, er det høgskulestyret som er tilsettingsorgan.

Forslag om vedtakspunkt 4 frå Kjenndalen: «Administrasjonen vert oppmoda om å vurdere studentrepresentasjon i tilsettingsorgan». Forslaget vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Noverande tilsettingsorgan for HiSF, HiB og HSH får fullmakt til å tilsetje i stillingar knytt til nærregionane frå 01.01.17 til styret har gjort nytt vedtak.
2. Det vert etablert eit mellombels tilsetjingsråd for administrative stillingar over nærregionnivået for perioden 01.01.17-31.12.17, samansett slik:
 - Prorektor ved nærregion Sogn og Fjordane med personaldirektør som vara.
 - Direktør ved nærregion Stord Haugesund med personalsjef som vara.
 - Direktør ved nærregion Bergen med personaldirektør som vara.
 - To administrative tenestemannsrepresentantar oppnemnt av tenestemannsorganisasjonane.
3. For tilsettingar i stilling som leiar på nivå 3, er det høgskulestyret som er tilsettingsorgan.
4. Administrasjonen vert oppmoda om å vurdere studentrepresentasjon i tilsettingsorgan

Samrøystes vedteke.

Sak 056/16 Tilsetting av studieprogramleiar GLU og studieleiarar

Saka vart trekt.

Sak 057/16 Fastsetjing av kopi- og læremiddelavgift

Styreleiar og styresekretær innleia. Styret presiserte at det må kome klårt fram for studentane kva som er semesteravgift og kva som er kopiavgift.

Forslag til vedtak:

Med heimel i forskrift om eigenbetaling for universiteter og høgskoler § 3.3 fastset interimstyret for Høgskulen på Vestlandet at kopi- og læremiddelavgift for studentar vert sett til kr 200,- per semester.

Avgifta skal dekkje Høgskulen på Vestlandet sine kostnader knytt til kopinoravgift for studentar, elektroniske læremiddel gjennom BOLK og ein felles sum til dekking av kopiutgifter for nye studentar.

Samrøystes vedteke.